




NR. 7

DESEMBER 2001

34.ÅRG.

**Frå Ijosmessa i Arna kyrkje
søndag 2. desember**



Joh 1,1-14

ORDET VART MENNESKE

På ei skulegudsteneste før jul ein gong la vi ein Bibel i julekrubba i staden for barnet. Det var ein verknadsfull illustrasjon til Johannes som seier at Ordet vart menneske. Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss, seier Johannes. Kva har dette å seie for oss? Tre ting kan nemnast:

1. Guds Son vart i slekt med oss

Eg veit om ein middelaldrande kar som reiste til Amerika. Eg undra meg på korleis han kunne klare seg der. For han hadde nesten ikkje vore i utlandet før og han kunne omtrent ikkje eit ord engelsk. Men det som gjorde at han reiste frimodig, var at han hadde ein bror i Amerika.

Broren kom og henta han på flyplassen. Og broren hadde eit fjorten dagars opphold planlagt for han. Det er ikkje farleg å reise til eit anna land når ein har ein nær slekting der. Jesus kom og vart i slekt med oss. Dette er eit gjennomgangstema i julesalmane våre: «*Han sjølv som er Guds eige Ord/Guds eige ord, han kom i kjøt og vart vår bror. Halleluja.* Halleluja». Eller: «*Fred på jord, fryd på jord!/Jesusbarnet det er vår bror.*» Og Jesus sa sjølv ein gong: «For den som gjer det Far min i himmelen vil, han er bror min og syster mi og mor mi» (Matt 15,20). Ein slektning i USA kan opne dører for oss. Ein slektning i himmelen kan opne himmeldørene for oss. Ordet vart menneske. Dermed kan vi alle få vere like mykke i slekt med Guds Son.

2. Det er ein føresetnad at vi vedkjerner oss slektskapen

Det hender at slektningar ikkje vil vite av kvarandre. Eg har som meklar i familiesaker sett tragiske døme på det. Det er fedrar som ikkje vil ha kontakt med sine born som bur hjå mora. Det er fedrar som har insistert på at mora skulle ta abort og fjerne barnet som dei er far til. Slekskap er ikkje nok for ein positiv relasjon. Det er naudsynt at slektskapen vert vedkjent.

Johannes skriv: «Alle som tok imot han, dei gav han rett til å vera Guds born, dei som trur på ordet hans»

Benektar vi eller skammar vi oss over å vere i slekt med Jesus-barnet? Eller seier eg: «Tenk at han er min bror. Eg har lyst til å likne på han. Og han skal alltid ha ein plass i mitt hus. Han skal vere i tankane mine. Eg har tillit til han». Kvar den som vedkjerner seg slektskapen, lever under Johannes sine ord: «Alle som tok imot han, dei gav han rett til å vera Guds born».

Han kan seie dette fordi Ordet vart menneske.

3. Fødselen i Betlehem skjer stadig om att

Det er merkeleg - når Johannes fortel sitt juleevangelium, så nyttar han ordet fødd ein gong. Og det er ikkje om Jesus, men det er om alle som trur på Jesus. Han brukar ikkje ordet om barnet i krubba, men om alle Guds born i verda. Dei er ikkje fødde av kjøt og blod, ikkje av menneskevilje og manns vilje, men av Gud, seier Johannes. Johannes seier med andre ord at jula sin fødsel skal skje stadig på nytt utover verda. Nye menneske skal verte døypte og kome til tru på Jesus, og då skjer det ei så stor forandring med dei i Guds auge at vi seier dei vert fødde på nytt.

Ordet vart menneske. Eit sprang frå Guds verd til vår verd. Og så: Menneske vart Guds born. Eit sprang frå vår verd til Guds verd. Forandrar julefeiringa på verda? Det vert fortalt at under første verdskrig låg det ein stad i Europa tyske og britiske troppar på ei slette og skaut på kvarandre. Det var julekvelden og dei låg i kvar sine skyttargraver. Ut på kvelden høyre engelskmennene at det vart sungen ein julesong i den tyske skyttargrava: Stille Nacht, Heilige Nacht. Snart stemde engelskmennene også i ein julesong. Skytinga stilna. Etter ei tid våga nokre soldatar seg opp av skyttargrava. Og snart gjekk tyskarar og engelskmenn kvarandre til møtest på sletta og ynskte kvarandre god jul. Juleevangeliet hadde gripe menneske og forandra dei.

Det var jo derfor Ordet vart menneske. Menneske skulle verte fødde på nytt og finne fred med kvarandre og fred med Gud.

Geir Sørebo

Innsamling til orgel i Ytre Arna

I dette nummeret av Kyrkjelydsbladet finn du ein giro. Det er for at du kan få vera med og gi din gåve til eit nyt orgel i Ytre Arna kyrkje.

Det har ei tid vore igang ein kronerulling til orgelen gjennom Bygdnytt. Den har til no gjeve over 36.000 kroner.

Det er planen å kjøpa eit heilt nyt orgel til Ytre Arna kyrje. Ein orgelkomite i Ytre Arna har plukka ut eit orgel hos orgelbyggjar Brødrene Torkildsen i Sør-Trøndelag. Orgelkomiteen hos kyrkjeverga i Bergen har støttet dette valet. Det er eit orgel til om lag 2,1 millioner kroner.

Organist Siri Brunvoll seier at det ikkje er mogeleg å seia når eit nyt orgel kan vera på plass i kyrkja. Vi håper at det ikkje vil

gå meir enn fem år. Jo meir vi få samla inn lokalt jo raskare vil det gå å få det nye orgelet. At vi klarar å halde gløden oppen lokalt vil vera eit pressmiddel på Bergen kyrkjelege fellesråd i denne saka, sier Siri Brunvoll.



*Ei velsigna jul
og eit fredfullt nytår!*

**helsing frå
din lokale Kyrkjelyd.**



Soknerådsvalet i Ytre Arna sokn

Valting: Jan Fr. Skorpen, Randi Kvamme,
Grete Slåke, Berte Marie Ulveseter.

Talet på røyster i alt: 43
Alle røyster vart godkjent.

VALRESULTAT:

Medlemer:
Jan Fr. Skorpen 46
Alise Bjørnestad 45
Lars Martin Torp 44

Tal på røyster:

Per Bjarte Hjellum	44
Reidun Leknesund	43
Turid Gjone	43

Varamedlemmer:

Aud Else Vesetvik	42
Johan Albert Mohn	42
Sylvi Sæle	42
Jon Steinset	42
Else Karin Kalsås	40



Kyrkjeskyss



HAUKELAND/UNNELAND

16.12.: Sverre Myklebusttlf. 55 24 29 05

23.12.: Ingrid Hopetlf. 55 95 01 11

25.12.: Jens Haugetlf. 55 24 01 43

26.12.: Odmund Skjoldaltlf. 55 24 28 76

30.12.: Turid Mjelde

01.01.02.: Sverre Myklebust

06.01.02.: Ingrid Hope

13.01.02.: Jens Hauge

20.01.02.: Odmund Skjoldal

ARNATVEIT/INDRE ARNA/ Y TRE ARNA-VEGEN

09.12.: Gunnar Kaaresentlf. 55 24 02 41

16.12.: Odd Kjostlf. 55 34 17 82

23.12.: Per Eidetlf. 55 24 15 15

25.12.: Jostein Monstadtlf. 55 24 32 20

26.12.: Arne Håøytlf. 55 24 02 26

30.12.: Gunnar Kaaresen

01.01.02.: Odd Kjos

06.01.02.: Per Eide

13.01.02.: Jostein Monstad

20.01.02.: Arne Håøy

TUNES/GARNES

16.12.: Per Vietlf. 55 24 07 26

23.12.: Malvin Klementsen..tlf. 55 24 07 26

25.12.: Ragnar Aabrekkstlf. 55 24 25 27

26.12.: Leidulf Almenning ..tlf. 55 24 25 52

30.12.: Kari Claussentlf. 55 24 12 20

01.01.02.: Per Vie

06.01.02.: Malvin Klementsen

13.01.02.: Ragnar Aabrekks

20.01.02.: Leidulf Almenning

Soknerådsvalet i Arna sokn

Valgmøte 21.10.2001 i Indre Arna.

Til stades: Aase H. Eilertsen, Asbjørn Bildøy, Marie E. Trengereid, Laura Eide, Alvhild Abildgaard, Torbjørg Mjelde, Atle Vie, Svein Inge Myhr, Kjell Nese, Audun Boge, Odd Kjos.

Det var avgitt 177 stemmer. 2 av desse vart vraka. 1 fordi vedkomande ikkje bur i soknet. 1 blei vraka fordi den ikkje var lagt i buna, ei var lagt igjen i avlukket.

Det var 3 forhåndsstemmer. 5 ikkje med i manntallet. Desse 5 blei godkjent. Totalt 175 stemmer vart godkjent og opptalt.

Valget vart avvikla den 14. og 21. oktober 2001 mellom kl. 12.30 og 14.00, og på Trengereid etter gudstenesta den 21. oktober 2001.
Det låg føre ei liste til valget, og valget vart


difor halde som vanleg fleirtalsvalg.

Faste medlemmer

Ove Skjoldal	199
Birgit Opheim	198
Gunn Olaug Mæland Kvalvåg	188
Margrete Almenning	188
Tone Lægreid Haldorsen	187
Møyfrid Naterstad	185
Torbjørg Mjelde	183
Trond Kleiveland	175
Inger Johanne Jenssen Tveit	164
Geir Solheim	162

Varamedlemmer:

Alvhild Mjelde	162
Astrid Stødle	157
Håkon Ytrearne	153
Berit Mestad	138
Ragnhild Akselberg	113



Barnekoret i Ytre Arna kyrkjelyd feira i haust 20-årsjubileum med familiegudsteneste etterfulgt av fest for heile bygda i Sentrum. På dette biletet er noverande og tidlegare medlemmer av koret samla. (Foto: Tor Oddvar Holmefjord)

50-års konfirmantar



50-års konfirmantane i Ytre Arna har i haust vore samla til jubileumsmarkering.

1. rekke frå venstre:

Anita (Nilsen) Gunnarson, Irene (Vevle) Brurås, Inger (Langøy) Endresen, Berit (Presthus) Hollekim, Reidun (Andersen) Leknesund, Malvin Kalsås.

2. rekke frå venstre:

Trygve Johansen, Eldbjørg (Koltveit) Tjønn, Sigrid Faugstad Gaulen, Aslaug Vevle Borge, Inger (Stammeshagen) Tverlid, Egil Ytrearne, Johannes Hole.

3. rekke frå venstre:

Gerd Nadbø Knappen, Anna Sagstad, Britt Mikkelsen Olsen, Asbjørn Nævdal, Egil Kjeseth, Nils Kvamstø, Villy Vangsnæs, Sivert Kalsås, Nils Berntsen, Otto Fotland.



50-årskonfirmantane i Arna kyrkje har i haust vore samla til gudsteneste i kyrkja og middag i Kyrkjelydshuset. Årets 50-årskonfirmantar er:

1. rad frå venstre (pikenavn i parantes): Randi (Vevle) Fosse, Greta (Haukeland) Kjørlaug, Kirsten (Holen) Tangen, Anny (Tverlid) Haugsdal,

Gunvor (Mjelde) Haugsdal, Anne-Karin (Lunde) Hageberg og Olaug Furnes.


2. rad frå venstre: Dagfinn Boge, Kåre Mestad, Audun Boge, Arvid Borge.

3. rad frå venstre: Harald Eriksson, Asbjørn Mjelde, Jakob Lie, Magnvald Mæstad.

4. rad frå venstre: Jan Henriksen, Ottar Boge, Morten Veseth og sokneprest Kjell Nese.

Bjarte Abildgaard sivilarbeidar i Arna kyrkjelyd:

Etterlyser vaksne til ungdomsarbeidet



Bjarte Abildgaard (21) frå Garnes tok 20. oktober til som sivilarbeidard i Arna kyrkjelyd. I eit år framover skal han drive med ungdomsarbeid i kyrkjelyden på heiltid. Bjarte etterlyser vaksne med eit ope sinn som kan hjelpe han med dette viktige arbeidet i kyrkjelyden.

Bjarte er utdanna elektrikar. Han avtenar no sin sivilteneste i staden for militærtenes-te. Det inneber ikkje at eg er imot militæret eller at eg er militærnektar. Men eg yngste eit meir meiningsfylt år enn det eg såg for meg eg kunne få i militæret, seier Bjarte. Han var inne i militæret i Sætermoen i Troms i ein månad. Han såg då for seg ein vinter i telt i 40 kuldegrader der alla gjekk rundt og berre klaga. Det var ikkje noko for meg, seier Bjarte.

Han har vore ein månad på Hustad leir utanfor Molde der sivilarbeidarane får opplæring. Bjarte valde då lina for valds- og konfliktførebyggjande tiltak for ungdom.

I Arna kyrkjelyd skal Bjarte særleg arbeida med tensing, nattkafeen og Krik, som er forkortinga for Kristen idrettskontakt. Om det kristne undomsarbeidet i Arna seier han at det er noko som fungerar, men at det er vanskeleg å finne ressursar. Det er vanskeleg å finne vaksne som er villige til å stilla opp på nattkafeen. Eg vil etterlysa folk i alderen 30-60 år som har lyst å vera der for ungdommen og ikkje for å kontrollera dei. Eg ynskjer vaksne som ser kor viktig ungdomsarbeidet er og som er villig til å gå inn og satse på det.

Mitt inntrykk er at ungdommen i Arna gjerne vil at det skal vera eit kristent tilbud for dei og at dei er interessert i å vera med på dette.

Dersom nokon er interesert i å gjera noko i ungdomsarbeidet kan dei ta kontakt med meg på kyrkjekontoret i Arna, sier Bjarte Abildgaard.



Vi synger julen inn!

Onsdag 19. desember kl. 19.00 i Arna kyrkje.

Ytre Arna og Arna kyrkjekor, tensingkoret Keryx, unge voksne-koret Parakletos,
Audun M. Boge og kantor Christopher Briggs.
Andakt ved sokneprest Kjell Nese.
Kollekt.

Bli med og syng dei gamle og kjære julesangene sammen med oss!



Julekonsert i Ytre Arna

Velkommen til julekonsert i Ytre Arna kyrkje 16. desember kl. 17.00.

Arne Sangforening, Arne Musikforening/Musikklaget Janus,
Arna og Ytre Arna kyrkjekor,
Ytre Arna barne- og ungdomskor, Koret på sporet, Arna Skulemusikkklag.
Arrangør i år er Arne Sangforening.



Misjonsfest i Arna bedehus

Det vert misjonsfest i Arna bedehus for heile bygda
søndag 20. januar kl. 17.00.

Tale av Knut Kvamme, Voss.
Program ellers: sjå oppslag og Bygdanytt.
Alle velkomne.

Misjonsforeiningane til NLM, NMS og Normisjonen.

Julefest for hele familien

i Indre Arna bedehus torsdag 27. desember kl. 17.00

Andakt ved kateket Liv Amundsen.

Sang av barna. Juletregang. Bevertning.

Arrangører: Barnerøster og Garnes søndagsskole.



Julefest i Indre Arna Bedehus

laurdag 5. januar kl. 18.00

Tale av ordførar Kristian Helland.
Sang ved Kari og Trond Reigstad.
Opplesning ved Vigdis Berland Øystese.
Musikk: Aud og Per.
Bevertning: Varmrett, kaffe og kaker.
Juletregang. Velkommen.

Indre Arna Indremisjon



Julefest for dei eldre

Det vert julefest for dei eldre fra Ytre Arna og Haugland
på Kulturhuset Sentrum søndag 13.01.02. kl. 16.00.

Tale, program, bevertning og juletregang.
Musikk av Arne Musikforening.
Sang av koret «Glad sang» frå Eidsvåg.
Alle velkomne.

Helsing Ytre Arna sokneråd og Sanitetet i Ytre Arna



ARNA KYRKJELYDSHUS

Trekning av hovudlotteri 2001

1. Måleri Asbjørn Padøy
2. Brødbakemaskin Maibeth Trengereid
3. Dobbelt vaffeljern Ingebjørg Froestad
4. Dukke m/klær Asbjørn Padøy
5. Bærbar CD-spiller Jorunn Harzofer
6. Klokke Markus Løklingholm
7. Gull øredobber Katarine Bøtun
8. Julekaffesett Arne Larsen
9. Sengesett Tove Skjoldal
10. Ryggsekk Fredrik Skartveit
11. Køper (quilt) Johanna Samuelsen
12. Ikon Grete Seim
13. Hekla duk Richard Hansen
14. Hekla løper Inger Frøsher
15. Bilde Nelly Hope
16. Strikkejakke Roald Bernes
17. Genser Martha Haugland
18. Bilde Erlend Haugsvær
19. Genser Aud Karin Hansen
20. Genser Karen Sofie Berdal

Basarkomiteén for Arna kyrkjelydshus, takkar alle som var med og støtta årets basar. Vi takkar for alle gåver, både frå enkeltpersonar og firmaer. Og ikkje minst takk til alle dykk som kom og kjøpte lodd og årer.

Julotta på Sunnmøre 1949

Juledag 1949 i Syvde, ei lita sunnmørsbygd, klemd inn mellom fjord og fjell:

Nykomarane i bygda vert i femtida vekte av bråkande snøplogar som skal få vekk halvmeteren med snø som er kome om julenatta. Først tar dei strandavegen og så dalaveg-ané, både Sørdalen og Nordda-len og så rundt att. Nykomarane får kleda på seg og gjev seg ut på vegen der det yrer av folk som alle har same målet: «Til kirken samle Seg fra hver gård og grend De unge, gamle, Av kvinner og av mann.» Kyrkja vart proppande full, men bakarst på galleriet var der to ståplassar att, så nykomarane vart hjelpe.

Presten budde tre mil unna, med skrøpeleg, ubrøtyt veg, så han fekk aldri vera med på denne høgtida. Ein laut greia seg med dei som var i bygda, han Ruben, han Simon, han Johan, kvar sitt år. Læraren svinga takstokken og bygdekoret song, og syngja, det kan sunnmøringane til gagns. Julelysa blafrá når nokon opna ei dør, men folk sat så tett at dei heldt varmen. Foreldre og beste-førelde sat med sovande

småborn på fanget – alle laut få vera med på julotta.

Komne ut på trappa, kunne ein høyra frå ein gjev bygdemann: «Ja, no er det beste med jula over for denne gongen.» Då var klokka åtte på første juledagen – så høgt stod julotta i folkelivet den gongen.

Julaftan 1950: Det har hendt store ting dette året – straumen er kome til bygda! Elektrikaren hadde kjøpt inn to sett med julelys, 8 lys i kvar. Eitt skulle han ha sjølv og det andre hadde lærarkona vore og kjøpt. Ved midnatt banka han på hjå lærarfolka, kom inn og plukka lysa av den vesle busken dei to hadde pynta i «stova» si



på ni kvadratmeter. Så for han til kyrkja og sette lysa på dei to juletreia oppe i kordøra, og i julotta kunne folk gle seg over dette synlege teiknet på at bygda deira var i framgang. Og songen steig mot taket, med Hans Adolf Brorson som «føresongar»:

Å, kom, jeg opp vil lukke Mitt hjerte
og mitt sinn
Og full av lengsel sukke. Kom, Jesus,
dog herinn!
Det er ei fremmed bolig. Du har den
selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig Her i mitt hjerte svøpt.
Asbjørn Åsgard

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 23.09.: Elisabeth Gjerde, Ole Martin Drangsholt Rasch
30.09.: Runar Hauge, Malin Mjelde
07.10.: Natalie Olsen, Lise Gunby, Hedda Janne Pedersen, Stine Solberg, Stian Gunby, Joar Ulstein
21.10.: Håkon Skymoen Hoff, Joakim Vågenes Skjelbreid, Aleksander Evensen Engevik, Anders Rolland Løvskar, Marie Taranger Skjoldal
04.11.: Sondre Vie Ytrearne, Adelinn Schønberg
11.11.: Celina Japos Midtun, Elise Rødland, Iselin Valle Holm
18.11.: Ken-Harald Hansen
25.11.: Kristian Håøy Rokne, Eirik Havre, Maren Karlsen Sæterdal, Victoria Vik

Ytre Arna sokn:

- 28.10.: Tomine Haugland

Døde

Arna sokn:

- 14.09.: Målfrid Larsen
19.09.: Agnes Frydenlund
24.09.: Alvild Gunnvor Øvreås
27.09.: Ole Takvam
29.09.: Dagfinn Cjellesvik
30.09.: Olav Mjelde
04.10.: Johannes Vevle
09.10.: Emilie Stavenes

- 18.10.: Olav Thunes
25.10.: Magnhild Holsen
02.11.: Margrethe Kalsås
03.11.: Thorolf Sverre Iversen
12.11.: Sigrid Myhren
13.11.: Bjørn Berntsen
14.10.: Eldar Bjørgås
15.11.: Johanna Anthun
20.11.: Gunn Berit G. Follesø
22.11.: Dagmar Leonora Vevle

Ytre Arna sokn:

- 19.07.: Bjørg Gunhild Brask
12.08.: Lilly Konstanse Vik
16.10.: Ingrid Ovida Villanger
29.10.: Borghild Astrid Eide
30.10.: Målfrid Karolina Sjursen

Vigde

Arna sokn:

- 22.09.: Yvonne Angelskår og Bård Kreybu
13.10.: Siv Helen Andersen og Per Lekven, Avaldsnes kirke

Ytre Arna sokn:

- 24.11.: Elisabeth Mjelde og Leif Erik Leknes

Ofringar

Arna sokn:

- 23.09.: Bergen Sønd.sk.krets ..kr. 4.000,50
30.09.: NLAkr. 5.076,50
07.10.: Barne- og Ungdomsprosj.kr. 5.379,00

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

Redaktør: Audun Stølås.

Redaksjonsnemnd: Asbjørn Asgard, Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

Bladpengar: Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

- 14.10.: Kyrkjelydsbarnehagen kr. 3.378,00
21.10.: TV-aksjonen
Kirkens Nødhjelpkr. 10.734,50
28.10.: Barne- og
Ungdomsprosj.kr. 3.220,00
04.11.: Sjølesorgsent. H.plass kr. 6.326,00
11.11.: Dåpsopplæringen
i Arnakr. 2.660,00
Dåpsopplæringen
i Arnakr. 1.946,50
18.11.: Kyrkjelydsarbeidet.....kr. 3.377,00
25.11.: Barne- og
Ungdomsprosj.kr. 4.552,50

Ytre Arna sokn:

- 23.09.: Bergen Sønd.sk.krets ..kr. 2.620,00
30.09.: NLAkr. 2.207,00
07.10.: Orgelfondkr. 5.520,00
14.10.: Kyrkjelydshusetkr. 1.860,00
28.10.: Kyrkjelydsarbeidet.....kr. 853,00
04.11.: Menighetsfakultetkr. 1.597,00
11.11.: Barne og ungdomskoret ..kr. 160,00
25.11.: Sjømannsmisjonenkr. 1.893,00

GUDSTENESTE KL. 12.00

1. JULEDAG I ARNA KYRKJE

Merk deg at høgtidsgudstenesta i Arna kyrkje 1. juledag tek til klokka 12.00.

I YTRE ARNA KYRKJE tek høgtidsgudstenesta 1. juledag til som vanleg **klokka 11.00**.



NESTE NUMMER

Neste nummer av Kyrkjelydsblad for Arna utkommer **30. januar 2002**.
Stoffrist til dette nummeret er **15. januar**.

ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: arna.menighet@bfk.no
Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15. Fax. 55 24 47 05. Kontoradresse: Lakslia 14, Borgstova, Indre Arna.
Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39, 5265 Ytre Arna.

Tlf. 55 24 85 46. Fax. 55 39 02 46. **Kontortid:** Onsdag og fredag.

Dersom du ikke får svar, ber vi om at du tek kontakt med kyrkjekontoret i Indre Arna.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 06 57. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Kjell Nese
Prestegarden, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 02 72

Kap. Trygve Johansen
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 75 53

Organist Arna
Christopher David Briggs
Pb 161 Indre Arna
5888 Bergen
Tlf. 55 24 40 55

Kontorfullmektig Arna
Ella Kaaresen
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 02 41

Kateket Erik Rodal
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

Kyrkjeterar Arna
Jarle A. Sandvik
Tlf. 55 24 04 00

Organist Ytre Arna
Siri Brunvoll
Vågsbotn, 5131 Nyborg
Tlf. 55 18 45 29

Kontorfullmektig Ytre Arna
Benthe Veyle Birkeland
Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

Kyrkjeterar Ytre Arna
Sylvi Sæle
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 88 93

ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

Kåre Bj. Hopes eftf.

Døgnvakt tlf. 55 24 08 08

Står til teneste med alt ved dødsfall
i Arna, Osterøy og omegn.



SAMDALS **55 90 19 80 hele døgnet**

_____ BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland – M. Hamre

as Sarepta Blomster

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INdre ARNA

Vi utfører alle oppdrag innen
blomsterdekoratørfaget

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

FØRERKORT KL. B



- Fornøyde kunder
- Trygge sjåfører

Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00

• . . .
ERIK
STEPHANSEN
TRAFIKKSKOLE
• . . .

HVORDAN HAR DU DET
egentlig?

 Kirkens SOS **815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

Frøyd
SALONGEN

Garnesv. 108, 5234 Garnes
Tlf.: 55 39 01 40
Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting


Fagkunnskap gir
trygghet
10 % for pensjonister alle dager.


Kranser, buketter,
oppsatser

TLF. 55 24 08 09

Øspeland Gartneri

Arthur Hope

Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

Din lokale
storbanks
i Arna!

 **KREDITKASSEN**

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennener,
også TV 2.

Litangen
Husholdningsservice,
Garnes
Telefon 55 24 02 87

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.


Kleiveland A.S.
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Velkommen til kyrkje

- 13.12.** **Arna kl. 17.00.** Rostadheimen julespel.
16.12. *3. s.i advent – Matt. 11,11-19*
Arna kl. 11.00. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Normisjon.
Arna kl. 19.30. Julekonsert. Mari Voll Tesdal.
Ytre Arna kl. 17.00. Kjell Nese. Julekonsert. Arna Sangforening, Arne Musikforening og Arna og Ytre Arna kyrkjekor.
18.12. **Arna kl. 10.30.** Skulegudsteneste for Lone.
19.12. **Arna kl. 19.00.** Vi syng julia inn. Kyrkjekoret m/fl.
20.12. **Arna kl. 08.15.** Skulegudsteneste for Garnes ungdomsskule.
Arna kl. 10.00. Skulegudsteneste for Garnes barneskule.
21.12. **Arna kl. 19.30.** Julekonsert. Haukeland Songlag.
23.12. *4. s.i advent – Joh. 3,26-30*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
24.12. *Julaftan – Luk. 2,1-14*
Arna kl. 12.30. Kjell Nese. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 13.45. Kjell Nese. Barnerøster og Jonaskoret. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 15.00. Olav Vikse. Barnekoret Betania. Takkoffer til Diakoniutvalet.
Arna kl. 16.15. Olav Vikse. Indre Arna Skulemusikkklag.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Ytre Arna kl. 15.00. Trygve Johansen. Ytre Arna Barne- og Ungdomskor.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Ytre Arna kl. 16.15. Trygve Johansen. Ytre Arna Barne- og Ungdomskor.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Trengereid kl. 15.15. Kjell Nese. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Takvam kl. 16.15. Kjell Nese. Takkoffer.
25.12. *1. juledag – Joh. 1,1-14*
Arna kl. 12.00. Trygve Johansen. Høgtidsgudsteneste. Nattverd.
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
Ytre Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Ytre Arna kyrkjekor.
Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.
26.12. *2. Juledag – Matt. 23,34-39*
Arna kl. 11.00. Ung Messe. Olav Vikse. Takkoffer til Kristen Idrettskontakt (KRIK) Arna.
Trengereid kl. 11.00. Trygve Johansen. Takkoffer.
30.12. *S. e. jul – Joh. 1,16-18*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Institutt for kristen oppsæding.
31.12. *Nyttårsaften – Joh. 14,27*
Arna kl. 23.15. Midnattsmesse. Trygve Johansen.
01.01.02. *Nyttårsdag – Matt. 1,20b-21*
Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Offer.
06.01.02. *Kr. Op. d. – Joh. 8,12*
Arna kl. 11.00. Misjonssøndag. Trygve Johansen. Nattverd. Kyrkjekoret.
Offer. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00. Kjell Nese. Nattverd. Kyrkjekoret. Offer til Israelsmisjonen.
13.01.02. *1. s.e. Kr. Op.d. – Joh. 1,29-34*
Arna kl. 11.00. Familiégudsteneste. Steinar Opheim. Dåp. Offer.
Arna kl. Nyttårskonsert. Norges korforb. Hordaland.
Trengereid kl. 11.00. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Trengereid bedehuskapell.